

04.02.2011

Meir nedbør på Husnes



16. januar kom det også mykje nedbør og det var ras mange stader - som her på Døsslandsido. (Foto: Ola Matti Mathisen)

SØRAL-målingane er likevel ikkje så representative også for nedbørmenget i Uskedalen, viser tala som Kurt Haugland kan leggja fram for målingar på Korsnes.
Det kjem meir nedbør på Husnes, viser i alle fall tala for januar.
Grenda kjem med ein grundig statistikk for 9 målepunktar i kommunen.

Det kom i denne månaden 198,4 millimeter på Korsnes med toppnotering på 38,6 millimeter 10. januar. På Husnes kom det så mykje som 316 millimeter og nedbørmena det same døgnet var der oppe i 59,6.

Rosendal hadde nesten eksakt samme nedbørmenget som Uskedalen - 210,4 - medan Sandvikjo i Omvikdalen hadde meir - 273,8. Men aller mest nedbør kom det ikkje overraskande i Matre med 452,9 millimeter eller altså meir enn dobbelt så mykje som i Uskedalen.

I vår bygd vart det registrert snøfall 3 gonger i januar, den 3., 11. og 13. dagar var utan nedbør..

Med omsyn til temperaturen var snitt-temperaturen i Uskedalen 1,9 grader pluss medan toppen var 8,5 grader 16. januar og lågaste temperatur 6,0 3. januar. Desse tala var omrent dei same ved dei andre målestasjonane.

Av Ola Matti Mathisen